

Sauegjødsling har varierende N-verknad



Med fastgjødslingspreiaren GAFNER vert det jamn spreieing i 7 m ut til eine sida i flatt terreng. Foto: Jan- Erik Mæhlum

I tidlegare utprøvingar av sauegjødsling til eng har ein ikkje fått meiravling for mengder større enn 1,5-2 tonn/daa. Spreietidspunkt og vassinnblanding påverkar verknaden. Jamn spreieing og smuldring er viktig for fast sauegjødsling.

Samson L. Øpstad | Bioforsk Vest Fureneset

I Noreg er det forska lite på gjødslingsverknaden av sauegjødsling. Håland & Aase (1986) granska verknaden av spaltegolvgjødsling frå sau tilført i eng om våren. Avlingsauke vart funne både i 1. og 2. slått i tilføringsåret, og målt som etterverknad året etter. Ut frå denne forsøksserien kan ein rekna at nytteverknaden av nitrogen i

spaltegolvgjødsling er om lag 3,5 kg N pr. tonn gjødsling. Ved gjødsling av eng var det lite avlingsutslag for å gjødsling med meir enn 2 tonn spaltegolvgjødsling pr. dekar.

Tidleg vårspreieing best i Sogn

Arstein & Øpstad (1999) granska verknad av fast småfègjødsling (spaltegolvgjødsling utan vassinnblanding) i feltforsøk på eng i midtre og indre Sogn, og verknaden av ulike spreietider. Resultat etter tre års utprøving var at tidleg spreieing om våren gav best resultat. Å doble mengda småfègjødsling som vart tilført frå grunnngjødslinga på 1,5 tonn pr. dekar, gav litt avlingsauke, men utnyttinga av næringsstoffa vart mykje dårlegare ved stor mengde. Dette er elles eit lite aktuelt alternativ på økologiske sauebruk, då samla mengde sauegjødsling til rådveldje, tilseier streng hushaldning av gjødsla. Det er forsvarleg å rekne med ein gjødslingsverdi på 3-4 kg nitrogen pr.

tonn sauegjødsling når gjødsla vert spreidd på gunstig tidspunkt. Fosforinnhaldet låg på 1,5 kg pr. tonn sauegjødsling.

Verknaden heng saman med nedbør

At haustspreieing av fast småfègjødsling her har synt seg å vere nær på like bra som vårspreieing, har nok samanheng med klimaet. Aurland og Vik er relativt nedbørfattige stader med høvesvis 688 og 1094 mm nedbør pr. år. På Selseng, øverst i Sogndalsdalen, som ligg over 400 m.o.h., er årsnedbøren 1543 mm. Nedbør frå november til mars/april kjem på Selseng for ein stor del som snø, og dermed vert tapet av næringsstoff frå gjødsla redusert i høve til nedbør som regn gjennom vinteren.

Andre forsøk på Bioforsk Fureneset har synt at veret i dagane etter spreieing av ulike typar husdyrgjødsling på eng, har mykje å seie for verknaden av nitrogen. Når det har vore solskin

og lite nedbør dei første dagane etter spreieing, går verknaden av N ned. Det er denne situasjonen ein kjem bort i når sauegjødsla vert spreidd på eng noko seint om våren etter at sauene har beita innmarka. Generelt må ein difor konkludere med at sein vårspreieing med sauegjødsla på eng, i dei fleste høve gjer dårlegare resultat med mindre ein vatnar.

Positivt med vassinnblanding

Bioforsk Løken (Valdres) har utført forsøk med å blande inn vatn i sauegjødsla (spaltegolvgjødsla) og nytte den som gylle i eng, og har funne positiv verknad av vassinnblanding. Forsøksringane i Hordaland fann stor skilnad mellom forsøksåra med omsyn til verknaden av vassinnblanding. Effekten var størst i år med lite regn og høg temperatur etter at gjødsla var spreidd. I forsøka i Hordaland vart sauegjødsla spreidd etter 1. slått som gjødsling til 2. slått.

Mykje klump med PERMA

I eit eige opplegg er det prøvd ut ulike

typar spreieutstyr for småfægjødsla på eng (Skjervheim 1994). Det vart valt å sjå nærare på spreieeigenskapane til "PERMA", som er ein mykje utbreidd trepunktmontert spreiar for fast storfægjødsla og spaltegolvgjødsla frå småfè. Spreiebreidda til spreiar er den same som sjølve breidda på tanken (1,6 m). Gjødsla vert mata ut i botnen av tanken.

GAFNER kan spreie jamn og langt

"GAFNER" fastgjødslspreiar er konstruert for montering på transportar eller med eige understell, som vogn. "GAFNER" har eit roterande spreieorgan ned sideutkast som står på tvert i bakkant av tanken. Bra jamn spreieing vert det i 7 m ut til eine sida (i flatt terreng). Gjødsla som vart spreidd med "PERMA" vart lite finfordelt, og ein stor del av gjødsla vart liggjande som store klumpar.

Moseharv er ofte naudsynt

Etterfølgjande klumpknusing med moseharv er naudsynt ved spreieing på

eng. Gjødslspreieing med "GAFNER" gjev ei svært god knusing av gjødsla når gjødsla er bra fast (tørrstoffinnhald ca 20-25% og høgare). Ved lågare tørrstoffinnhald i gjødsla, som det kan vere frå mjølkegeit, og der det har kome ekstra vatn til, vert gjødsla liggjande dels som store klumpar også etter spreieing med "GAFNER". Bruk av moseharv, for å smuldre gjødsla, er då å tilrå.

samson.opstad@bioforsk.no



Litteratur

- Arstein, A. & S. Øpstad 2000. *Småfægjødsla på eng - verknad av ulike spreietider*. Vestlandsk Landbruk 87 (12): 15-17.
- Håland, A. & K. Aase 1986. *Sauegjødsla til eng*. Forskning og forsøk i landbruket, 37: 263-268.
- Skjervheim, K. 1994. *Samanlikning av fastgjødslspreiarane Perma og Gafner*. Prosjekt småfægjødsla på eng, rapport 1994. Ullensvang forskingsstasjon avd. Rykke. 16s.



GARTNERHALLEN

Dyrker godt liv



VI SKAPER VERDIER
VI HAR FAGKUNNSKAP
VI LEVERER
VI GARANTERER KVALITET

- * Størst innen frukt, grønnsaker og poteter!
- * Vi omsetter økologiske produkter!

Kontakt: A.L. Gartnerhallen
Tlf: 23 24 93 00
E-post: clas.huseby@gartner.no
www.gartner.no